



## Fylkesmannen i Vestland

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Vår dato:  
20.05.2020

Dykkar dato:  
19.12.2019.

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Stryn kommune - budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Stryn kommunestyre har i møte 19.12.2019, sak 163/19, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023 for Stryn kommune. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan.*

### Oppsummering

Med unntak av budsjettåret blir det budsjettert med negative driftsresultat i heile planperioden, som blir dekt inn ved bruk av fond. Kommunen budsjetterer med høge investeringar i perioden, noko som vil få konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet.

Kommunen kan levere gode tenester til innbyggjarane sine i dag, men er klar på utfordringar som kjem ved at folketalet går ned og at ein ikkje raskt nok greier å tilpasse tenestenivået til dei nye rammene.

Moderate låneopptak og arbeid med finanzielle måltal og handlingsreglar, blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Stryn kommune framover.

### Budsjett 2020

Dei frie inntektene er budsjettert i samsvar med KS sin prognosemodell etter statsbudsjettet. Førebels tal frå 2019 viser at netto driftsresultat er negativt med minus 2,9 prosent. Dette tilsvarar om lag 18 mill. kroner. For 2020 blir det budsjettert med eit positivt resultat på om lag 2 mill. kroner, som tilsvarar 0,3 prosent av brutto driftsinntekter.

Dispositionsfond i prosent av brutto inntekter er for 2019 førebels på 6,2 prosent, noko som er over anbefalt nivå frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 5 prosent.



Kommunen vedtok i desember eit låneopptak på om lag 98 mill. kroner, og samla investeringar på om lag 129 mill. kroner. Investeringar til VAR utgjer 10,4 mill. kroner av dette. Dei største investeringane finn ein innanfor omsorg, vaksenoplæring, energisparingstiltak og veganlegg.

Overføringer til tenesteeiningane viser størst auke innanfor helse og sosial og skule og kultur, sett bort frå prisstigning og aktivitetsnivå.

### Økonomiplan 2020 – 2023

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettet med negative netto driftsresultat, minus 2,2 mill. i 2021, minus 1,3 mill. i 2022 og minus 2,9 mill. kroner i 2023. Dette er etter at det er lagt inn innsparingstiltak i heile planperioden på tenesteområda sentraladministrasjon og teknisk. Skatt og rammetilskot er budsjettet på same nivå som for 2020.

Dei største nye tiltaka/investeringane i perioden, utanom prosjekta til sjølvkost, er energisparingstiltak, ny brannstasjon og utbetring av vegnettet. For heile økonomiplanperioden er det planlagt investeringar for om lag 354 mill. kroner, der investeringane til sjølvkost utgjer 24 mill. kroner. Alle andre investeringar dei tre siste åra i perioden er tenkt lånefinansiert fullt ut.

I statistikkbanken til SSB finn vi at ved utgangen av 2019 utgjer langsiktig gjeld (eks. pensjon) om lag 665 mill. kroner, noko som tilsvarer 102 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utgjer 110,5 prosent. I økonomiplanen er mellom anna renteutgifter og avdrag auka med til saman 11,6 mill. kroner for å finansiere investeringane i perioden.

### Fylkesmannens vurdering

*Økonomiplanen skal gi ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal og syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp, og at det er først og fremst kommunestyret som gjennom sine vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme. I dette ligg det også at kommunane følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, særleg gjeld dette der inntekter må vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon.*

*Fylkesmannen meiner at Stryn kommune har ein realistisk økonomiplan med tanke på frie inntekter slik vi kjenner dei i dag, og kommunen er dermed i posisjon til å leve gode tenester til innbyggjarane. Fri inntekter per innbyggjar utgjorde 62 052 kroner for Stryn i 2019, medan summen for landet utgjorde 57 297 kroner.*

*Samstundes er det vesentleg for resultatet at planlagde innsparingar blir gjennomførde kvart år, og at ein greier å tilpasse seg endringar i rammeoverføringer gjennom å legge tenestene på eit nivå som er berekraftig over tid. Dette spesielt fordi dei årlege budsjetterte netto driftsresultata i økonomiplanperioden er negative, eller ligg under det anbefalte nivået frå TBU på 1,75 prosent, og også under dei måla som er sette opp av kommunen sjølv.*

*Ei stadig aukande lånegjeld i planperioden vil få konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet. Netto renteeksponert gjeld var på 53,9 prosent ved utgangen av 2019, og hadde gått noko opp frå 2018.*

*Vi merkar oss at det framleis blir brukt ein intern kontoplan for fordeling av utgifter mellom einingane. Vi rår til at de fordeler utgiftene etter kvart, slik dette no er tenkt, og bruker Kostra-forskrifta fullt ut.*

*I ny kommunelov, og forskrift til årsbudsjett og økonomiplan § 5-7, går det fram at dokumenta skal innehalde oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i årsbudsjett og økonomiplan.*



*Vi kan ikkje sjå at dette er utarbeidd, og ber om at dette vert gjort og ettersendt til oss, og innarbeidd i dokumenta framover.*

*Statistisk sentralbyrå sine befolkningsframskrivingar og behovet for årsverk framover, viser at Stryn sitt behov for årsverk innanfor institusjon- og heimebaserte tenester er stipulert til å auke mykje fram mot 2040. Slik sett er det fornuftig å gjere forbetringar innanfor omsorgsområdet no. Dette gir og eit godt bilde på kvar behovet for arbeidskraft blir størst i åra som kjem.*

*Slik vi ser det er moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Stryn kommune framover. Det er innarbeidd mål og delmål for kvart av tenesteområda, for heile planperioden. Dette er ein god start for den langsigktige planlegginga, og for å skape handlingsrom til beste for innbyggjarane.*

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*